

Uttale om BKKs søknad om konsesjon: Vaksdalsvassdraget – overføring til Samnangervassdraget

Bevaring av Vaksdalsvassdraget (BaV) ønskjer med dette å uttala seg i samband med ei eventuell overføring av delar av vassdraget frå Vaksdal til Samnanger.

BKK ønskjer å overføra vatn frå Vaksdal- til Samnangervassdraget. BKK har gått vekk frå planane om eit større prosjekt som omfatta ein auka produksjon på 73 GWh, og fremjar no eit mindre prosjekt med ein produksjon på opp til 18 GWh. Prosjektet inneber at vatn frå Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna vert overført til Herfangeren i Samnangervassdraget. Vaksdal kommunestyre har tidlegare einstemmig sagt nei til overføring av vatn frå Vaksdal til Samnanger.

Området BKK ønskjer å regulera må reknast som det viktigaste friluftsliv- og rekreasjonsområdet for bygda Vaksdal. Området er mykje nytta av både fastbuande og tilreisande, både til dagsturar, mosjon, trening og lengre overnattingsturar. Bergen og Hordaland Turlag har T-merka sti til Høgabu, og har uttalt at dette er eit område dei ser på som viktig og ønskjer å satsa på.

Konsekvensar

Eksisterande magasinivolum for Vaksdalsvassdraget vil verta redusert med 66 prosent i høve dagens kapasitet. Flatavatnet med sine 54 prosent, samt Varatjørnene som ikkje er talfesta, er sjølve motoren i dagens kraftproduksjon. Ein slik reduksjon av magasin kapasitet vil vanskeleggjera framtidig produksjon i Vaksdalsvassdraget. Utbygginga vil føra til redusert produksjon (3,5 GWh) i to eksisterande kraftstasjonar i Vaksdalsvassdraget, eigd av Norsk Grønn Kraft.

Vaksdalsvassdraget vart utbygd då Vaksdal Mølle vart grunnlagt i 1866. Likevel framstår området i dag på mange måtar som urørt. Demningane vart den gong bygde i naturstein for hand og tetta med torv. Dei gamle handbygde stemmegardane er framleis i bruk, og må sjåast på som kulturminne. Desse står i fare for å bli skadelidande.

Størst negativ konsekvens vil planane få for Flatavatnet. Ei permanent senking av Flatavatnet med rundt 3 meter, pluss tapping sommarstid for å gje minstevassføring i Fossen, vil opplevast som ei rasering av området. Nord-austre del av Flatavatnet vil bli tørrlagt, noko som vil bli svært skjemmande. Det går i dag turstiar langs begge sidene av vatnet. Det er fritidsbusetnad rundt vatnet, samt båt- og fiskeaktivitet. Vatnet er også visuelt viktig fordi det er synleg frå alle nærliggjande og høge fjelltoppar. Det er også eit vatn som kan sjåast frå andre kommunar. Sprenging av kanal og fjerning av demning vil gje ytterlegare stygge sår i landskapet. Flatavatnet har ifølgje Vaksdal Fiskarlag fin fiskekvalitet på grunn av avgrensa gyting. Ei senking av vatnet vil umogeleggjere den vesle gytinga som i dag finn stad i bekken i Flatavatnskaret.

Ifølgje BKK sine prognosar vil gjennomsnittleg årsrestvassføring i vassdraget bli: Elva frå Flatavatn: 14 prosent, elva frå Kjerringtjørna: 34 prosent, Fossen frå Fossevatn til Dauen: 40 prosent, Lonane: 60 prosent, inntak Ardalen kraftstasjon: 79 prosent, inntak Vaksdal kraftverk: 89 prosent og ved utløp Sørfjorden: 89 prosent.

BaV fryktar at vassføringa i vassdraget sommarstid vil bli så liten at fleire område vil miste mykje av rekreasjonsverdien sin.

Klenavatnet er ei smal sprekk i terrenget. Ved fjerning av demning vil vasstanden truleg verta senka med 3-4 meter, og vatnet vil i praksis bli borte.

Smørtjørna er planlagt senka 2-3 meter med nedgravd røyr og utgravd kanal ned til Klenavatnet. Smørtjønnna har den finaste fisken i området fordi det ikkje er naturleg gyting i vatnet. Vatnet blir minst råka i høve negative konsekvensar. Elva blir derimot øydelagd.

Det er fiskebestand i dei aller fleste fjellvatna og store delar av resten av vassdraget. Sportsfiske er utbreidd, både i fjellvatna og langs elvene. Gjennom eit årelangt arbeid har Vaksdal Fiskarlag sett ut setjefisk, og det er fisk i alle vatn og tjørner. Fisket er gratis, og etter at det var utarbeidd eit fiskekart for heile Vaksdal kommune, har mange i bergensregionen fått opp augo for dei bynære fiskemogeleghetene. Prosjektet har negativ effekt på sjøvle fiskebestanden og på området sin verdi for sportsfiskarar.

Fossen som renn frå Fossevatn til Dauen er eit viktig og vakkert natursymbol og landemerke. Det går ein sti opp langs fossen, der det er fleire utkikspunkt som gjev fantastisk utsyn over Dauen og Lonastølen. Utsikta frå toppen av fossen er spektakulær, med utstyn over elva som slynger seg i slakke svingar. Redusert vassføring vil føra til redusert naturoppleving. Fossen vil permanent mista omfang, og vassføringa vert i snitt redusert med seksti prosent. Frå Flatavatnet er det i sommarhalvåret foreslått ei minstevassføring på ca 24 liter per sekund. Det er svært lite i forhold til det som i dag stort sett renn gjennom Fossen. Fossen er ein attraksjon og eit landemerke som er synleg frå DNTs sti i Haljedalen og Budalen.

Lonastølen er det mest familievennlege turområdet nær Vaksdal, og mykje nytta til dags- og overnattingsturar av einskildpersonar på fisketur, turgåarar, skulen, barnefamiliar og lag/organisasjonar. BKKs prosjekt vil føra til redusert vassføring og attgroing i elva som renn gjennom Lonastølen.

BKK skisserer auka inntekter på eigedoms- og ressurskatt, men har ikkje teke med reduserte inntekter i form av tapt kraftproduksjon i regi av Norsk Grønn Kraft. Vaksdal kommune vil ikkje få ytterlegare konsesjonskraftsinntekter tilført.

Utbygginga kan også få negative konsekvensar for fugle- og dyrebestanden. Det har vore gjort hyppige observasjonar av kongeørner, der det har vore sett opp til fem kongeørner samstundes (2003, Nils Henry og Dag Henry Nilsen). Mest truleg hekkar kongeørna i Klungerdalen, som er nær eit potensielt annleggsområde. Det er sett havørn, seinast sommaren 2014 (Nils Henry og Dag Henry Nilsen). Smålom er sidan 1999 årleg

observert jaktande på Fossevatn, Flatavatn og Svartavatn. Lomen hekkar ved Krosstjørnene (Kjell Erstad og Otto Rørvik). Storskarv hekka frå 1993 og omlag i fem år på Krosstjørnene, meir sjeldne observasjonar dei siste åra (Kjell Erstad). Fjellvåk hekkar regelmessig i området (reir observert i Austmannagjela i 1999, Dag Henry Nilsen). Det er gjort fleire observasjonar av hønsehauk i området Fossevatn-Svartavatn (Kjell Erstad, Dag Henry Nilsen). Gauk er sett og høyrd over heile området (Linda Lien). Det er ved to tilfelle sett snøugle i området (Ståle Juvik og Dag Henry Nilsen). Det er forekomst av orrfugl i området (orreleik høyrd i Herfindalen, Karl Herfindal). Det er bestand av fossekall i Herfindalen. Våren 2014, i området Kjerringatjørna – Klenavatnet, blei det observert hubro (Olav Bruvik). Det er høyrte hubro i Fossavasskråna, mest truleg er det ein stadbunden hann som har halde til her sidan 2013, og det kan ikkje utelukkast at det også er hofugl og reir i området. I 2014 er det gjort særskild mange rovfuglobservasjonar.

Vaksdal er ein bynær kommune med eit fantastisk turområde i Vaksdalsfjella, og auka satsing frå Bergen og Hordaland Turlag gjev også potensielt stor marknadsføringsverdi som både friluftsliv- og bukommune. Tap av Trollkjelsfossen og redusert vassføring i elva som renn gjennom heile Vaksdalsbygda, vil ha negativ effekt.

Dersom prosjektet likevel vert gjennomført, må det sikrast at alle sårkantar vert dekte til med jord og ny vegetasjon. BKK har i møte med BaV 6. februar 2014 uttalt at dette kan gjennomførast for mindre område, men at det ikkje let seg gjera for til dømes heile Flatavatnet. BaV meiner likevel at dette er ein kostnad utbyggjar må dekkja. Det må også setjast i verk tiltak for å hindra atttroing i elva som renn gjennom Lonastølen og Vaksdalsbygda, samt avbøtande tiltak for å ivareta fiskekvalitetane i området. Det må også undersøkjast meir grundig om den raudlista hubroen hekkar i området.

Konklusjon

Bevaring av Vaksdalsvassdraget går imot BKK sin plan om overføring av vatn frå Vaksdal til Samnanger. BaV meiner prosjektet er lite framtidsretta og medfører fleire negative konsekvensar for lokalsamfunnet. Området sin verdi knytt til friluftsliv og rekreasjon vert forringa. Særleg blir Fossen, Lonastølen og Flatavatnet skadelidande. Ei overføring reduserer også vilkåra for framtidig kraftproduksjon i Vaksdalsvassdraget. BaV ser difor utbyggingsplanane som lite foreinlege med ei god, lokal samfunnsutvikling.

*Styret i Bevaring av Vaksdalsvassdraget,
kontaktperson Linda Lien*